

Kort årsrapport for 2022

Me har samlingar annakvar tysdag i skuleåret. Vore ute alle gangar, et mat, har aktivitet og andakt. Det har vore nærmare 20 ungar på vårparten og færre på hausten. Fleire slutta då det kom i vegen for andre aktivitetar. På hausten kom det nokre nye. Dei likar seg.

Sommaravslutninga var overnatting i Årvika, til stor glede for borna. Me har aktivitet som å brenna bål, setja garn, laga faklar, laga mat ute og øva på førstehjelp. Som oftast på vår eigen leirplass med gapahuk i skogen. Me er 3-4 vaksne per samling og har ei solid og god leiargruppe.

Rekneskap 2022

11 betalte medlemskap hausten 2022. Totalt 5500 kroner.

Inntekter totalt, kontigent, gåve og frifondmidler: 17884,25

Utgifter til mellom anna mat, innkjøp til aktivitetar, økser : 14249,35

Resultat, overskot: 3634,90 kroner